

## Kopi av tekst til oppgåve 50

Analysér desse setningane og bruk symbola du har lært (V, S, O, IO, P, A):

**A**            **V S**    **A**  
I morgon tidleg reiser vi til utlandet.

Eg har alt pakka koffertane.

Hunden vår må dessverre bli heime.

Flyreisa tek tre timar.

Når vi landar i Hellas, blir vi køyrde til hotellet.

Hotellet er kjempefint.

Der kan vi bade i symjebassenget heile dagen.

Om kvelden kan vi danse på diskoteket.

Av og til gir mor og far oss ekstra pengar.

Da kan vi spele på speleautomatar i mange timar.